



Kunnskapsdepartementet

**Vår ref.**  
10/4456/243, A10, &13/MEI

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
25.06.2010

## **Høyring om nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor**

Haram kommune har gjort følgjande vedtak:

### **Framlegg frå Rådmannen:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

Kommunestyret meiner at det nye finansieringssystemet må bidra til å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar.

Budsjetterte kostnader for basistilbod for barnehagar for det aktuelle året må danne grunnlaget for utrekning av tilskot til dei private, og ikkje rekneskapstal frå siste år. Barnegrunlaget kan variere noko frå år til år, og i budsjettarbeidet kan ein gå utifrå aktuell barnegruppe. Det vil og vere samsvar mellom det dei kommunale barnehagane blir tildelt i budsjettet.

I kommunar med spreidd busetnad har ein ofte små barnehagar der kostnaden pr. heiltidsplass kan bli høg. Slike barnehagar er kostnadskrevjande pr. plass, dei er vanlegvis kommunale, og må haldast utanfor når ein skal rekne gjennomsnittssatsen for ein kommunal barnehageplass.

Kommunen skal kunne sette rimelege og relevante vilkår knytt til barnehagedrifta for kommunalt tilskot. Det må komme tydeleg fram kva som er meint med slike vilkår.

Det må sikrast at offentlege tilskot og foreldrebetaling skal komme barna i barnehagen til gode og ikkje gå til oppbygging av privat formue. Her må komme klare reglar for regulering av verdiuttak og utbyte.

Kostnadsnøkkkel for barnehagerelaterte utgifter i forhold til rammetilskotet til kommunane må vurderast nøye. Med ei barnehagedekning på bortimot 100% er kanskje ikkje utdanningsnivået i befolkninga lenger ein viktig faktor.

.....

#### **Behandling i Formannskapet den 07.06.2010:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **FS-051/10 Tilråding:**

Kommunestyret meiner at det nye finansieringssystemet må bidra til å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar.

Budsjetterte kostnader for basistilbod for barnehagar for det aktuelle året må danne grunnlaget for utrekning av tilskot til dei private, og ikkje rekneskapstal frå siste år. Barnegrnlaget kan variere noko frå år til år, og i budsjettarbeidet kan ein gå utifrå aktuell barnegruppe. Det vil og vere samsvar mellom det dei kommunale barnehagane blir tildelt i budsjettet.

I kommunar med spreidd busetnad har ein ofte små barnehagar der kostnaden pr. heiltidsplass kan bli høg. Slike barnehagar er kostnadskrevjande pr. plass, dei er vanlegvis kommunale, og må haldast utanfor når ein skal rekne gjennomsnittsaften for ein kommunal barnehageplass.

Kommunen skal kunne sette rimelege og relevante vilkår knytt til barnehagedrifta for kommunalt tilskot. Det må komme tydeleg fram kva som er meint med slike vilkår.

Det må sikrast at offentlege tilskot og foreldrebetaling skal komme barna i barnehagen til gode og ikkje gå til oppbygging av privat formue. Her må komme klare reglar for regulering av verdiuttak og utbyte.

Kostnadsnøkkkel for barnehagerelaterte utgifter i forhold til rammetilskotet til kommunane må vurderast nøye. Med ei barnehagedekning på bortimot 100% er kanskje ikkje utdanningsnivået i befolkninga lenger ein viktig faktor.

#### **Behandling i Kommunestyret den 17.06.2010:**

*Hallgeir Wuttudal kom inn for representanten Vebjørn Krogsæter. 36 røysteføre representantar til stades.*

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **KS-044/10 Vedtak:**

Kommunestyret meiner at det nye finansieringssystemet må bidra til å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar.

Budsjetterte kostnader for basistilbod for barnehagar for det aktuelle året må danne grunnlaget for utrekning av tilskot til dei private, og ikkje rekneskapstal frå siste år. Barnegrnlaget kan variere noko frå år til år, og i budsjettarbeidet kan ein gå utifrå aktuell barnegruppe. Det vil og vere samsvar mellom det dei kommunale barnehagane blir tildelt i budsjettet.

I kommunar med spreidd busetnad har ein ofte små barnehagar der kostnaden pr. heiltidsplass kan bli høg. Slike barnehagar er kostnadskrevjande pr. plass, dei er vanlegvis kommunale, og må haldast utanfor når ein skal rekne gjennomsnittsaften for ein kommunal barnehageplass.

Kommunen skal kunne sette rimelege og relevante vilkår knytt til barnehagedrifta for kommunalt tilskot. Det må komme tydeleg fram kva som er meint med slike vilkår.

Det må sikrast at offentlege tilskot og foreldrebetaling skal komme barna i barnehagen til gode og ikkje gå til oppbygging av privat formue. Her må komme klare reglar for regulering av verdiuttak og utbyte.

Kostnadsnøkkkel for barnehagerelaterte utgifter i forhold til rammetilskotet til kommunane må vurderast nøye. Med ei barnehagedekning på bortimot 100% er kanskje ikkje utdanningsnivået i befolkninga lenger ein viktig faktor.

Dersom De ynskjer fleire opplysningar i saka, kan De ta kontakt med undertekna:

Med helsing



Eik Marit  
Einingsleiar

Interntlf. 70 20 75 45

**Kopi til:**  
Barnehagane